

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 261/2021

av 24. september 2021

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2021/476 av 16. mars 2021 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til harde beleggings- og kledningsprodukt⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Avgjerd (EU) 2021/476 opphevar kommisjonsvedtak 2009/607/EF⁽²⁾, som er teke inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Teksta i vedlegg XX nr. 2k (kommisjonsvedtak 2009/607/EF) skal lyde:

”**32021 D 0476:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2021/476 av 16. mars 2021 om fastsetjing av kriteria for tildeling av EU-miljømerket til harde beleggings- og kledningsprodukt (EUT L 99 av 22.3.2021, s. 37).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2021/476 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 25. september 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

(1) TEU L 99 av 22.3.2021, s. 37.

(2) TEU L 208 av 12.8.2009, s. 21.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 24. september 2021.

For EØS-komiteen

Rolf Einar Fife

Formann

UOFFISIELL OMSETJING